

Møteinnkalling

Utval:	Styret for Fagskolen Vestland
Møtestad:	Fagskolen Vestland - studiestad Austevoll Sauganeset 18, 5392 Storebø
Dato:	26.04.2024
Tid:	Kl. 09:15

Oppmodar om at avklaring om habilitet vert meldt i forkant av møtet.

Dersom nokon av medlemmene i styret ikkje kan møte og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast til Ingrid.Fagerheim.Settem@vlfk.no.

Innkallinga gjeld valde medlemmer i Styret for Fagskolen Vestland. Ved eventuelt forfall frå faste medlemmer vil varamedlemmer bli kalla inn særskilt.

Kl. 09:15 Sakshandsaming

Kl. 12:00 Lunsj

Kl. 13:00 Presentasjon frå næringslivet

Kl. 14:00 Omvising på studiestad Austevoll

Kl. 15:00 Avslutning

Oddmund Klakegg

Styreleiar

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
--------------------------	----------------	-------------------------	--------------

GK 07/24	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste	2022/486	
----------	---	----------	--

GK 08/24	Godkjenning av møteprotokoll frå 22.03.2024	2022/486	
----------	---	----------	--

Referatsaker

RS 05/24	Rekneskap 1. kvartal	2022/486	
----------	----------------------	----------	--

RS 06/24	Tidsbruk for styremøta	2022/486	
----------	------------------------	----------	--

Vedtaksaker

VS 05/24	Ny skikkanemnd for Fagskulen Vestland	2022/486	
----------	---------------------------------------	----------	--

VS 06/24	Tilbudsstruktur skuleåret 2024/25	2022/486	
----------	-----------------------------------	----------	--

Saksnr: 2022/486-132
Saksbehandlar 19.04.2024
Dato:

Til: Styret for Fagskulen Vestland

Frå: Rektor

Rekneskap 1. kvartal

Eining	Rekneskap	Budsjett	Tekst
Administrasjon og leing	(71 589 584)	(34 347 234)	1.
Undervisning	42 927 478	42 773 391	2.
Oppdragsverksemd	6 564	(286 188)	3.
Totalt	(28 655 542)	8 139 969	
Årsoppgjørdisposisjoner - Prosjekter/prosjekter i arbeid	(28 511 734)	-	4.
Årsoppgjørdisposisjoner - Disposisjonsfond	1 631 714	-	5.
Totalt	(55 535 562)	8 139 969	

Kommentarer:

1. Inntekter frå staten er ikkje periodisert i rekneskapet på månads basis. Ikkje indikasjon på vesentleg avvik frå budsjett på årsbasis. Budsjett har ein salderingspost på ca. kr 10 mill for å kome i balanse. Denne posten vil krevje strukturelle endringar for å kome i mål. Det vert arbeid med tiltak, dette vil først ha effekt frå hausten, men størst effekt frå år 2025. Salderingspost gjeld heile drifta til fagskulen, ikkje berre administrasjon.
2. Ikkje vesentleg avvik iht budsjett.
3. Budsjett vert periodisert pro rata pr mnd., mens rekneskap fakturerer/bokfører etter gjennomført kurs.
4. Relatert til bundne prosjektmidlar/prosjekter i arbeid.
5. Disposisjonsfond frå tidlegare år (meirforbruk). Foreløpig er det ikkje iverksett større (strukturelle) tiltak for å dekkje inn dette.

Saksnr:	2022/486-133
Saksbehandlar	Ingrid Fagerheim Sættem
Dato:	19.04.2024

Til: Styret for Fagskulen Vestland

Frå: Rektor

Tidsbruk for styremøta

Arbeidslivsrepresentant Helene Frihammer (NHO) i styret har sett fram forslag om å diskutere tidsbruken for styremøta for fagskulen. Det er ønskjeleg at styret diskuterer frekvens, lengde og mengde møte i fagskulestyret. Det er også ønskjeleg med ein diskusjon om skiljet mellom administrasjon og styret sine oppgåver.

Saksnr: 2022/486-130**Saksbehandlar:** Ingrid Fagerheim Sættem

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Styret for Fagskulen Vestland	VS 05/24	26.04.2024

Ny skikkanemnd for Fagskulen Vestland

Forslag til vedtak

1. Styret for Fagskulen Vestland vedtek følgjande skikkanemnd for Fagskulen Vestland:

Namn	Funksjon
Mariann Hovland	Fagleg leiar
Bjarte Johnsen	Faglærer
Kjersti Nævdal	Faglærer
Gerd Helene Irgens	Representant frå praksisfeltet
Linda Rio Standal	Representant frå praksisfeltet
Karen Merete Bjørndal	Studentrepresentant
Charlotte Landaas	Studentrepresentant
Janne Singh	Ekstern jurist

2. Instruks for skikkanemnda vert vedteke slik det kjem fram av saka.

Samandrag

I denne saka vert det lagt fram forslag til ny skikkanemnd for Fagskulen Vestland, og ny instruks for nemnda. Fagskulen skal etter fagskulelova § 26 vurdere om studentane i bestemte utdanningar er skikka for yrket dei er i ferd med å utdanne seg til. Styret sjølv skal nemne opp ei skikkanemnd, som mellom anna skal utarbeide ei innstilling til den lokale klagememnda i skikkasakene.

Torbjørn Mjelstad
rektor

Adeline Berntsen Landro
prorektor organisasjon og samhandling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1 Skikkanemnd for Fagskolen i Hordaland

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I denne saka vert det lagt fram forslag til ny skikkanemnd for Fagskulen Vestland, og ny instruks for nemnda. Fagskulen skal etter fagskulelova § 26 vurdere om studentane i bestemte utdanningar er skikka for yrket dei er i ferd med å utdanne seg til. Ein student som er skikka har dei naudsynte faglege og personlege føresetnadene for å kunne studere og fungere i det aktuelle yrket. Ein student som i utdanninga eller i framtidig yrkesutøving kan utgjere fare for liv, fysisk og/eller psykisk helse, rettar og sikkerheita til barn, unge eller vaksne i sårbare situasjonar, er ikkje skikka for yrket, jf. fagskuleforskrifta § 26. Ved Fagskulen Vestland er studentane ved dei helsefaglege utdanningane underlagd skikkavurdering.

Kort om skikkavurdering

Vurdering av skikkaheit er nærmare regulert i fagskuleforskrifta kapittel 5. Fagskulen skal gjennomføre ei løpande skikkavurdering av alle studentane ved utdanningane underlagd skikkavurdering. Oppstår det tvil om ein student er skikka, skal fagskulen i tillegg gjennomføre ei særskild skikkavurdering av studenten, jf. fagskuleforskrifta § 28.

For fagskular med studentar underlagd skikkavurdering skal styret nemne opp éin eller fleire tilsette ved institusjonen som skikkaansvarleg(e), jf. fagskuleforskrifta § 32 første ledd. Kompetansen til å nemne opp skikkaansvarleg er likevel ikkje lagt til styret sjølv, og styret kan derfor delegere kompetansen til andre ved fagskulen. Styret for Fagskolen i Hordaland vedtok i 2019 å delegere ansvaret for å nemne opp skikkaansvarleg til rektor (vedlegg 1). I 2019 vart utdanningsleiar for helse, Mariann Hovland, nemnt opp som skikkaansvarleg. Dersom rektor nemner opp ny skikkaansvarleg, skal dette meldast til styret.

Det er skikkaansvarleg som har ansvaret for den særskilde skikkavurderinga av studenten, jf. fagskuleforskrifta § 32 første ledd. Skikkaansvarleg skal mellom anna tilby studenten oppfølging og rettleiing. Dersom oppfølginga og rettleiinga ikkje fører til endring og utvikling hos studenten, skal skikkaansvarleg fremje saka for skikkanemnda, jf. fagskuleforskrifta § 34 siste ledd.

På bakgrunn av saksdokumenta frå skikkaansvarleg skal skikkanemnda lage ei innstilling til den lokale klagenemnda ved fagskulen, jf. fagskuleforskrifta § 35 siste ledd. I innstillinga skal nemnda vurdere om studenten er skikka eller ikkje, om studenten bør stengjast ute heilt eller delvis frå den aktuelle utdanninga og eventuelt kor lenge, samt eventuelle vilkår for at studenten skal få starte opp igjen utdanninga.

Etter fagskulelova § 26 er det den lokale klagenemnda ved fagskulen som har kompetanse til å vedta at ein student ikkje er skikka for yrket. Vert det fatta eit slikt vedtak, kan den lokale klagenemnda også vedta at studenten skal stengjast ute frå utdanninga i inntil fem år. Studenten kan klage på vedtaket til Nasjonal klagenemnd for høgere yrkesfaglig utdanning.

Særskild om skikkanemnda

Etter fagskuleforskrifta § 31 første ledd er det styret sjølv som nemner opp skikkanemnda ved fagskulen. Etter andre ledd skal nemnda bestå av følgjande personar:

- Ein fagleg leiar eller tilsvarande funksjon
- To faglærarar
- To representantar frå praksisfeltet
- To studentrepresentantar
- Ein ekstern representant med juridisk embetseksamen eller master i rettsvitenskap

Medlemmane vert nemnt opp for ein periode på tre år, medan studentrepresentantane vert nemnt opp for eitt år av gongen. Styret har høve til å nemne opp att medlemmar i nemnda. Det skal ikkje veljast vararepresentantar for medlemmane. Fagleg leiar eller tilsvarande funksjon er leiar av nemnda, og har dobbeltstemme. Minst to tredjedelar av medlemmane skal vere til stades ved sakshandsaminga. Skikkaansvarleg ved fagskulen kan vere medlem av skikkanemnda, jf. fagskuleforskrifta § 32 andre ledd.

Fagskulen føreslår at følgjande personar vert nemnt opp til skikkanemnda ved Fagskulen Vestland:

Namn	Funksjon	Arbeidsstad
Mariann Hovland	Fagleg leiar	Fagskulen Vestland
Bjarte Johnsen	Faglærer	Fagskulen Vestland
Kjersti Nævdal	Faglærer	Fagskulen Vestland
Gerd Helene Irgens	Representant frå praksisfeltet	Helse Bergen
Linda Rio Standal	Representant frå praksisfeltet	Helse Bergen
Karen Merete Bjørndal	Studentrepresentant	Fagskulen Vestland
Charlotte Landaas	Studentrepresentant	Fagskulen Vestland
Janne Singh	Ekstern jurist	Bergen kommune

Leiar av nemnda, Mariann Hovland, er til dagleg utdanningsleiar for dei helsefaglege utdanningane ved fagskulen. Bjarte Johnsen er faglærer ved utdanninga Psykisk helsearbeid og rusarbeid, medan Kjersti Nævdal er faglærer ved utdanninga Sterilforsyning og smittevern i helsetenesta. Gerd Helene Irgens arbeider som seksjonsleiar for rusmedisin i Helse Bergen. Linda Rio Standal arbeider i SSA (sterilforsyning og støtteavdeling), og er utdanna operasjonssjukepleiar. Studentrepresentanten Karen Merete Bjørndal er student ved utdanninga Sterilforsyning og smittevern og helsetenesta, medan Charlotte Landaas er student ved utdanninga Psykisk helsearbeid og rusarbeid. Janne Singh arbeider til dagleg som jurist i Bergen kommune.

Instruks for skikkanemnda

Fagskulen har oppdatert den noverande instruks for skikkanemnda, som vart vedteke av styret for Fagskolen i Hordaland i 2019 (vedlegg 1). Ny instruks for skikkanemnda ved Fagskulen Vestland vert føreslått som følgjer:

Instruks for skikkanemnda ved Fagskulen Vestland

Om skikkanemnda

Skikkanemnda skal ha følgjande samansetjing, jf. fagskuleforskrifta § 31:

- a) ein fagleg leiar eller tilsvarande funksjon
- b) to faglærarar
- c) to representantar frå praksisfeltet
- d) to studentrepresentantar
- e) ein ekstern representant med juridisk embetseksamen eller master i rettsvitenskap.

Skikkanemnda vert nemnt opp av styret for Fagskulen Vestland. Medlemmane vert nemnt opp for tre år av gongen. Studentrepresentantane vert nemnt opp for eitt år. Fagleg leiar eller tilsvarande funksjon er leiar av nemnda, og har dobbeltstemme. Minst to tredelar av medlemmane skal vere til stades ved sakshandsaminga.

Skikkanemnda skal innrette seg etter fagskulelova § 26, fagskuleforskrifta kapittel 5, føresegner i forvaltningslova om habilitet i §§ 6 til 10 og om teieplikt i §§ 13 til 13 e, samt forskrift om studium ved Fagskulen Vestland. Forvaltningslova kapittel III til VI og VIII gjeld for avgjersler om skikkavurdering.

Handsaming av saker i skikkanemnda

1. Ei skikkavurdering skal avdekkje om studentane i bestemte utdanningar har dei naudsynte føresetnadene for å kunne utøve yrket dei er i ferd med å utdanne seg til. Ein student er uskikka dersom eitt eller fleire av følgjande kriterium er oppfylt på ein slik måte at studenten i utdanninga eller i framtidig yrkesutøving kan utgjere fare for liv, fysisk og/eller psykisk helse, rettar og sikkerheit til barn, unge eller vaksne i sårbare situasjonar:
 - a) studenten viser manglande vilje eller evne til omsorg, forståing, innleving og respekt for barn, unge og vaksne i sårbare situasjonar
 - b) studenten viser manglande vilje eller evne til å endre uakseptabel åtferd i samsvar med fagleg rettleiing

- c) studenten opptrer ikkje i tråd med regelverk for helse, miljø og sikkerheit, prosedyrar og kvalitetssystem, og dette kan utgjere ein fare for liv og helse
- d) studenten viser truande eller krenkande åtferd i studiesituasjonen, eller overfor barn, unge eller vaksne i sårbare situasjonar.
2. Fagskulen skal gjennomføre ei løpande skikkavurdering av alle studentane ved utdanningar underlagd skikkavurdering, gjennom heile utdanninga.
 3. Ved tvil om ein student er skikka skal skikkaansvarleg i tillegg gjennomføre ei særskild skikkavurdering av studenten. Dersom oppfølginga hos skikkaansvarleg ikkje medfører den naudsynte endring og utvikling hos studenten, skal skikkaansvarleg fremje saka for skikkanemnda.
 4. Saker som vert fremja for skikkanemnda skal følgjast av all skriftleg dokumentasjon i saka. Nemnda skal gjere vidare utgreiing av saka dersom dette er naudsynt.
 5. Studenten skal varslast i god tid om tidspunktet for møtet i skikkanemnda, og skal gjerast kjent med opplysingane i saka. Studenten skal ha høve til å leggje fram sine synspunkt for nemnda før møtet.
 6. Nemnda lager ei innstilling til fagskulen sin lokale klagenemnd med ei vurdering av om studenten er skikka eller ikkje, om studenten bør stengjast ute heilt eller delvis frå den aktuelle utdanninga, samt lengda på utestengingsperioden og eventuelle vilkår for at studenten skal få starte opp igjen på utdanninga. Usemje i nemnda skal grunngjevast og gå fram av innstillinga.
 7. Det er den lokale klagenemnda ved fagskulen som, på bakgrunn av innstillinga frå skikkanemnda, fattar vedtak om at ein student ikkje er skikka for yrket. Vert det fatta eit slikt vedtak, kan klagenemnda også vedta at studenten skal stengjast ute frå utdanninga i inntil fem år. Ved kortare utestenging enn fem år kan klagenemnda stille vilkår som må vere oppfylte før studenten kan starte opp igjen på utdanninga. Vedtak om at studenten ikkje er skikka for yrket og eit eventuelt vedtak om utestenging skal fattast med minst to tredels fleirtal. Studenten har rett til å uttale seg før det vert fatta vedtak i saka.
 8. Vedtak om at studenten er uskikka og eit eventuelt vedtak om utestenging kan påklagast av studenten til Nasjonal klagenemnd for høgere yrkesfaglig utdanning.
 9. Det skal ikkje skrivast ut vitnemål for den aktuelle utdanninga til ein student som er funne uskikka for yrket.

Vedtakskompetanse

Det er styret sjølv som har kompetansen til å nemne opp ny skikkanemnd for fagskulen, jf. fagskuleforskrifta § 31 første ledd:

§ 31. Skikkethetsnemnd

(1) Styret selv skal oppnevne en skikkethetsnemnd.

Konklusjon

På bakgrunn av saksframlegget vil rektor tilrå at styret vedtek følgjande skikkanemnd for Fagskulen Vestland:

Namn	Funksjon
Mariann Hovland	Fagleg leiar
Bjarte Johnsen	Faglærer
Kjersti Nævdal	Faglærer
Gerd Helene Irgens	Representant frå praksisfeltet
Linda Rio Standal	Representant frå praksisfeltet
Karen Merete Bjørndal	Studentrepresentant
Charlotte Landaas	Studentrepresentant
Janne Singh	Ekstern jurist

Rektor tilrå vidare at instruks for skikkanemnda vert vedteke slik det kjem fram av saka.



Arkivnr: 2015/11453-205
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Styret for Fagskolen i Hordaland		12.09.2019

Skikkanemnd og skikkaansvarleg for Fagskolen i Hordaland**Samandrag**

Fagskulelova § 26 seier at Kunnskapsdepartementet kan gje forskrift om reglar knytt til skikkavurdering i bestemte utdanningar. Fagskuleforskrifta kap. 5 omhandlar føresegner om kva det vil sei å vere skikka for yrket og korleis saker om skikkavurdering skal handsamast. Jf. fagskuleforskrifta § 26 skal ei skikkavurdering avdekkje om ein student har dei naudsynte føresetnadene til å kunne utøve yrket. På bakgrunn av føresegner om skikkavurdering skal styret nemne opp ei skikkaansvarleg og ei skikkanemnd.

Forslag til vedtak

1. Avdelingsleiar, Mariann Hovland, vert nemnt opp som skikksansvarleg ved Fagskolen i Hordaland.
2. Instruks for skikkaansvarleg vert vedteke slik det kjem fram av saka, og fagskolen må etablere gode sakshandsamingsrutinar for skikkaansvarleg og tilsette som skal gjere ei kontinuerleg skikkavurdering.
3. Ansvar for å nemne opp skikkaansvarleg ved Fagskolen i Hordaland vert delegert til rektor i fortsettinga. Endringar vert meldt styret.
4. Følgjande personer vert nemnt opp til skikkanemnd ved Fagskolen i Hordaland:

Namn	Funksjon
Mariann Hovland	Fagleg leiar (Fagskolen i Hordaland)
Inger Elen Melingen	Faglærer (Fagskolen i Hordaland)
Anne Kari Kalve	Faglærer (Fagskolen i Hordaland)
NAMN	Praksisfeltet (Organisasjon)
NAMN	Praksisfeltet (Organisasjon)
Janne Damba	Jurist (Opplæringsavdelinga HFK)
NAMN	Student (Utdanning, helse)
NAMN	Student (Utdanning)

5. Instruks for skikkanemnda vert vedteke slik det kjem fram av saka.

Bjørn Lyngedal
fylkesdirektør opplæring
ansvarleg for saksførebuing til fagskulestyret

Adeline B. Landro
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 27.08.2019

Fagskulelova § 26 seier at Kunnskapsdepartementet kan gje forskrift om reglar knytt til skikkavurdering i bestemte utdanningar. Denne føresegna har ikkje vore praktisert inntil det no ligg føre ei ny forskrift om høgere yrkesfaglig utdanning (fagskuleforskrifta). Fagskuleforskrifta kap. 5 omhandlar føresegner om kva det vil sei å vere skikka for yrket og korleis saker om skikkavurdering skal handsamast. Jf. fagskuleforskrifta § 26 skal ei skikkavurdering avdekkje om ein student har dei naudsynte føresetnadene til å kunne utøve yrket. Ein student som i utdanninga eller i framtidig yrkesutøving kan vere ein fare for liv, fysisk og/eller psykisk helse, rettar og tryggleik til barn, unge eller vaksne i sårbare situasjonar, er ikkje skikka for yrket.

Ei skikkavurdering skal gå føre kontinuerleg ved alle utdanningar der studenten kan utgjere ein fare jf. § 26 i fagskuleforskrifta, og jf. § 27 skal det kome fram av fagskulen sin forskrift kva utdanningar dette gjeld. Styret har fått eiga sak om revidert forskrift for Fagskolen i Hordaland der det vert føreslått at alle dei helsefaglege utdanningane bør verte omfatta av reglar om skikkavurdering. I framtida når fagskulen skal søkje NOKUT om nye utdanningar skal det gå fram av søknaden om utdanninga er underlagt reglar om skikkavurdering.

Jf. fagskuleforskrifta § 31 skal styret sjølv nemne opp ei skikkanemnd som består av:

- ein fagleg leiar
- to faglærarar
- to representantar frå praksisfeltet
- to studentrepresentantar
- ein ekstern representant med juridisk embetseksamen eller master i rettsvitenskap

Medlemmane vert nemnt opp for ei periode på tre år, medan studentane vert nemnt opp for eitt år. Skikkanemnda skal ikkje gjere endeleg vedtak i saker om ein student er skikka men innstille til den lokale klagenemnda ved fagskulen.

Jf. fagskuleforskrifta § 32 nemner styret opp éin eller fleire skikkaansvarlege ved fagskulen. Styret kan delegere dette til rektor, fordi loven ikkje seier at det er styret sjølv som skal nemne opp ei skikkaansvarleg. Administrasjonen vil tilrå at styret nemner opp skikkaansvarleg i handsaming av denne saken, men at det i fortsettinga vert delegert til rektor ved fagskulen å opprette skikkaansvarleg. Eventuelle endringar i høve til kven som er skikkaansvarleg må meldast til styret.

Den som er skikkaansvarleg kan også vere medlem av skikkanemnda. Det er skikkaansvarleg som innstiller til skikkanemnda ved saker om skikkavurdering. Det er utfyllande reglar i fagskuleforskrifta om korleis skikkaansvarleg skal handsame saker, og desse er som følgjer:

§ 34. Behandling hos skikkethetsansvarlig

(1) Studenten skal varsles skriftlig om at det foreligger begrunnet tvil om vedkommendes skikkethet. Skikkethetsansvarlig skal innkalle studenten til vurderingssamtale og sørge for at saken blir så godt opplyst som mulig. Studenten skal få tilbud om utvidet oppfølging og veiledning med mindre det er åpenbart at slik oppfølging ikke er egnet til å hjelpe studenten. Praksisperioder kan utsettes fra tvilmelding er mottatt til etter at utvidet veiledning er avsluttet, eller til saken er avgjort.

(2) Fra vurderingssamtalen skal det lages skriftlig referat som inneholder en beskrivelse av saksforholdet og eventuelle planer for utvidet oppfølging og veiledning av studenten.

(3) Hvis utvidet oppfølging og veiledning ikke medfører den nødvendige endring og utvikling hos studenten, skal skikkethetsansvarlig fremme saken for skikkethetsnemnda.

Skikkaansvarleg har også ansvar for å gje opplæring i å gjere skikkavurdering, og for å gje informasjon til studentane ved utdanningar som er underlagt desse reglane.

Vidare i saka vert det gjeve forslag til kven som kan vere skikkaansvarleg ved Fagskolen i Hordaland, samt forslag til instruks for skikkaansvarleg. Det vert også føreslått instruks for skikkanemnda, og ei omtale av skikkanemnda. Tilrådinga er utarbeidd i samarbeid med fagskulen.

Skikkaansvarleg

Det vert føreslått at avdelingsleiar for helsefaga ved fagskulen, Mariann Hovland, vert oppnemnt som skikkaansvarleg. Avdelingsleiar ved fagskulen har den naudsynte helsefaglege kompetansen til å gjere faglege vurderingar i ei skikkavurdering, samt kompetanse i høve til krav til utøving av yrket. Vidare har avdelingsleiar oversikt over eiga avdeling i høve til å skulle sette i verk utvida oppfølging av studenten.

Følgjande instruks vert føreslått for skikkaansvarleg:

Instruks for skikkaansvarleg ved Fagskolen i Hordaland

Skikkavurdering er ei kontinuerleg vurdering gjennom studieløpet ved den aktuelle utdanninga som er underlagt desse reglane. Vurderinga skal avdekkje om ein student har dei naudsynte føresetnadene for å kunne utøve yrket. Ein student som i utdanninga eller i framtidig yrkesutøving kan utgjere ein fare for liv, fysisk og eller psykisk helse, rettar og tryggleik til barn, unge og eller vaksne i sårbare situasjonar, er ikkje skikka for yrket.

Utdanningar ved Fagskolen i Hordaland som er underlagt skikkavurdering kjem fram av forskrift for Fagskolen i Hordaland.

Ved tvil om ein student er skikka skal dette meldast skriftleg til skikkaansvarleg. Om meldinga er openbart ugrunna skal den ikkje handsamast av skikkaansvarleg. Den som leverer melding om tvil vert ikkje rekna som part i saka jf. fagskuleforskrifta § 33.

Praksisperiodar kan utsetjast frå tvilsmelding er motteke til etter rettleiing er avslutta, eller saka er avgjort.

Skikkaansvarleg skal ved handsaming av melding om tvil:

- varsle studenten skriftleg om det ligg føre grunna tvil om at vedkomande ikkje er skikka for yrket
- kalle inn studenten til vurderingssamtale
- sørge for at saka vert så godt opplyst som mogleg
- gje studenten tilbod om utvida oppfølging og rettleiing med mindre det er openbart at slik oppfølging ikkje er eigna til å hjelpe studenten
- lage skriftleg referat med omtale av tilhøvet i saka og eventuelle planar for utvida oppfølging og rettleiing av studenten

Om utvida oppfølging og rettleiing ikkje leiar til den naudsynte endringa og utviklange hos studenten, skal skikkaansvarleg fremje saka for skikkanemnda.

Skikkaansvarleg skal innrette arbeidet etter reglane i fagskulelova § 26; fagskuleforskrifta kap. 5, forskrift for Fagskolen i Hordaland og føresegner i forvaltningslova om habilitet i §§ 6 til 10, og om teieplikt i §§ 13 til 13 e i høve til skikkavurdering. Forvaltningslova kapittel III og IV gjeld for handsaming av ei skikkavurdering.

Det skal ikkje skrivast ut vitnemål for den aktuelle utdanninga til ein student som er funnet ikkje skikka for yrket.

Fagskulen må sjølv etablere gode sakshandsamingsrutinar for skikkaansvarleg og tilsette som skal gjere ei kontinuerleg skikkavurdering.

Skikkanemnd

På dette tidspunkt har ikkje administrasjonen og fagskulen klart å få på plass forslag til alle medlemmane i skikkanemnda. Dette gjelder studentane og representantar frå praksisfeltet. Studentane har nyleg starta opp, og studentrådet har ikkje konstituert seg enda. Det er ønskeleg at det vert valt minst éin student til nemnda som kjem frå helsefaga. Fagskulen er i dialog med aktuelle kandidatar frå praksisfeltet, og desse kan vere lagt fram for styret i møtet om skulen har fått ein avklaring. Eventuelt kan styret nemne opp ei skikkanemnd i styremøtet i november.

Følgjande personer vert føreslått nemnt opp til skikkanemnda ved Fagskolen i Hordaland:

Namn	Funksjon
Mariann Hovland	Fagleg leiar (Fagskolen i Hordaland)
Inger Elen Melingen	Faglærer (Fagskolen i Hordaland)
Anne Kari Kalve	Faglærer (Fagskolen i Hordaland)
NAMN	Praksisfeltet (Organisasjon)
NAMN	Praksisfeltet (Organisasjon)
Janne Damba	Jurist (Opplæringsavdelinga HFK)
NAMN	Student (Utdanning, helse)
NAMN	Student (Utdanning)

Begge faglærarane underviser ved dei helsefaglege utdanningane. Endeleg skikkanemnd vert å kome tilbake til.

Det vert føreslått følgjande instruks for skikkanemnda ved Fagskolen i Hordaland:

Instruks for skikkanemnda ved Fagskolen i Hordaland

Skikkanemnda

Skikkanemnda skal ha følgjande samansetning jf. fagskuleforskrifta § 31:

- ein fagleg leiar
- to faglærarar
- to representantar frå praksisfeltet
- to studentrepresentantar
- ein ekstern representant med juridisk embetseksamen eller master i rettsvitenskap

Skikkanemnda vert nemnt opp av styret for Fagskolen i Hordaland. Medlemmane vert velt for 3 år, medan studentane vert velt for eitt år.

Skikkanemnda innrettar seg etter fagskulelova § 26 om skikkavurdering; fagskuleforskrifta kap. 5 om skikkavurdering, føreseger i forvaltningslova om habilitet i §§ 6 til 10, og om teieplikt i §§ 13 til 13 e, samt forskrift for Fagskolen i Hordaland.

Forvaltningslova kapittel III til VI og VIII gjeld for avgjerder om skikkavurdering.

Handsaming av skikkavurdering

1. Skikkavurdering er ei kontinuerleg vurdering gjennom studieløpet ved den aktuelle utdanninga som er underlagt desse reglane. Vurderinga skal avdekkje om ein student har dei naudsynte føresetnadene for å kunne utøve yrket. Ein student som i utdanninga eller i framtidig

yrkesutøving kan utgjere ein fare for liv, fysisk og eller psykisk helse, rettar og tryggleik til barn, unge og eller vaksne i sårbare situasjonar, er ikkje skikka for yrket.

2. Om det er tvil om ein student er skikka skal skikkanemnda i tillegg gjennomføre ein særskilt skikkavurdering. Det er skikkansvarleg ved fagskulen som innstiller til skikkanemnda.
3. Saker som vert fremma for skikkanemnda skal ha all skriftleg dokumentasjon i saka. Nemnda skal gjere vidare utgreiing dersom dette er naudsynt.
4. Studenten skal varslast i god tid om tidspunkt for møte i skikkanemnda og gjerast kjent med opplysingane i saken. Studenten skal ha høve til å leggje fram sine synspunkt for nemnda før møtet.
5. Nemnda lager ei innstilling til fagskulen sin lokale klagenemnd med ei vurdering av om studenten er skikka eller ikkje, om studenten bør stengast ute helt eller delvis frå den aktuelle utdanninga, samt lengda på utestengingsperioden og eventuelle vilkår for at studenten skal starte opp ved utdanninga igjen.
6. Det er den lokale klagenemnda for fagskulen som, på bakgrunn av innstilling frå skikkanemnda, fattar vedtak om at ein student ikkje er skikka, og om studenten skal stengjast ute frå utdanninga. Vedtak om at studenten ikkje er skikka for eit yrke og eit eventuelt vedtak om utestenging skal fattast med minst to tredels fleirtal. Ein student har rett til å uttale seg før det fattast vedtak i ein sak om skikkavurdering eller utestenging.
7. Det skal ikkje skrivast ut vitnemål for den aktuelle utdanninga til ein student som er funnet ikkje skikka for yrket.
8. Studenten kan jf. fagskulelova § 26 klage på vedtak om skikkavurdering og eventuelt utestenging til Nasjonal klagenemnd for fagskoleutdanning.

Saksnr: 2022/486-131

Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Styret for Fagskulen Vestland	VS 06/24	26.04.2024

Tilbudsstruktur skuleåret 2024/25

Forslag til vedtak

1. Følgjande tilbod vert starta opp skuleåret 2024/25:

	Fagskulen i Vestland	Student- plassar
Nordnes	Klima, energi og miljø i bygg FTB03N, 120 stp	40
Nordnes	Bygg FTB01H, 120 stp	30
Nordnes	Bygg FTB01N, 120 stp	80
Nordnes	Automatisering FTE01N, 120 stp	80
Nordnes	Elkraft FTE03H, 120 stp	30
Nordnes	Elkraft FTE03N, 120 stp	80
Nordnes	Maskinteknikk FTT04N, 120 stp	40
Nordnes	Prosessteknikk FTK01N, 120 stp	40
Nordnes	Demensomsorg og psykisk helsearbeid/eldre FHH47K, 30 stp	30
Nordnes	Psykisk helsearbeid og rusarbeid FHH56D, 60 stp	30
Førde	Anlegg FTB02N, 120 stp	30
Førde	BIM-tekniker FTI53N, 60 stp	40
Førde	Bygningssakkyndig FTB58N, 120 stp	40
Førde	Elkraft FTE13N, 120 stp	30
Førde	Maskinteknikk FTT04N, 120 stp	30
Førde	Grøn omstilling i byggenæringa (under akkreditering), 60 stp	30
Stord	Maskinteknikk FTT04H, 120 stp	30
Nygård	Maskinoffiser FTM02H, 120 stp	30
Nygård	Dekksoffiser FTM01H, 120 stp	30
Nygård	Boring FTP01H, 120 stp	30
Austevoll	Dekksoffiser FTM01H, 120 stp	30
Austevoll	Vannkjemi, mikrobiologi og fiskehelse FPH05N, 30 stp	30
Måløy	Dekksoffiser FTM01H, 120 stp	15
Måløy	Maskinoffiser FTM02H, 120 stp	15
Hjeltnes	Arborist FPS01D, 60 stp	16
Hjeltnes	Lokal matkultur FTK51N, 120 stp	20
Voss	Anlegg FTB02N, 120 stp	30
	Totalt	956

Samandrag

I denne saka vert det lagt fram forslag til tilbodsstruktur for Fagskulen Vestland skuleåret 2024/25. Styret handsama i møte 07.12.2023 sak om mellombels tilbodsstruktur og vedtok kva tilbod som skulle lysast ut gjennom Samordna opptak våren 2024. Frist for å søkje utdanning gjennom Samordna opptak var 15. april, og innan 2. mai må styret ha vedteke kva tilbod som skal starte opp. Det er ikkje mogleg å trekke tilbod etter denne dato. For skuleåret 2024/2025 vil rektor tilrå at det totale tilbodet, i høve til kva som vart lyst ut, vert redusert med 5 tilbod.

Torbjørn Mjelstad
rektor

Adeline Berntsen Landro
prorektor

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskreven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I denne saka vert det lagt fram forslag til tilbodsstruktur for Fagskulen Vestland skuleåret 2024/25. Styret handsama i møte 07.12.2023 sak om mellombels tilbodsstruktur og vedtok kva tilbod som skulle lysast ut gjennom Samordna opptak våren 2024. Frist for å søkje utdanning gjennom Samordna opptak var 15. april, og innan 2. mai må styret ha vedteke kva tilbod som skal starte opp. Det er ikkje mogleg å trekke tilbod etter denne datoen.

Det er eit stort tal på søknadar som skal handsamast, og fristane er korte fram til styret må ta stilling til kva tilbod som skal starte. Dette gjer at administrasjonen i hovudsak må vurdere kva tilbod som har tilstrekkeleg med søkjarar på bakgrunn av talet på primærsøkjarar, det vil sei søkjarar som har ei utdanning ved Fagskulen Vestland som første val. Talet på primærsøkjarar seier ikkje noko om søkjarane er kvalifiserte, men vi undersøker om det er tilstrekkeleg med kvalifiserte søkjarar dersom det er eit tilbod som har låge søkjartal, og der ein må vurdere om talet er høgt nok for å starte opp.

I denne saka vert det ikkje vist talet på søkjarar våren 2024, fordi Samordna opptak har ein sperrefrist på publisering av tala fram til 26. april kl. 09:30. Styret vil få informasjon om søkjartal for å kunne sjå vurderingane som er gjort. Søkjartala frå våren 2023 vil bli vist i saka som samanlikningsgrunnlag for årets opptak.

I saka vert det vist forslag til kva tilbod som rektor vil tilrå å starte opp hausten 2024 basert på følgjande prinsipp:

- Søkjartal (primærsøkjarar/kvalifiserte)
- Økonomi
- Infrastruktur
- Tilgjengeleg personell
- Eigenskap ved utdanninga (t.d. einaste tilbod ved fagskulen eller i landet)
- Studiestaden sine prioriteringar

Prinsippa har ikkje ein prioritert rekkjefølgje men inngår i ei heilskapleg vurdering om det er tilrådd å starta opp dei einskilde tilboda.

Ramme til fordeling skuleåret 2024/25

Som styret er kjent med har fylkestinget vedteke eit nedtrekk i det fylkeskommunale tilskotet som følgjer:

Årstal	Nedtrekk
2024	3,6 mill.
2025	11 mill.
2026	4 mill.
Totalt	18,6 mill.

Fagskulen har i år ei utfordrande økonomisk situasjon, i tillegg må vi planleggje for dei komande trekka og det er naudsynt å ned justere tilbodet. Rektor vil likevel gjere merksam på at ved avviking av tilskotsordninga Fleksible og desentrale midlar, har Vestland fylkeskommune fått styrka grunntilskotet til fagskuleutdanning med om lag 3 mill. i 2024. Regjeringa si intensjon med å avvikle ordninga var at institusjonane sjølve skulle kunne prioritere, særleg distriktstilboda. Diverre har fylkeskommunen framleis ikkje disponert desse midlane. Midlane kunne ha bidrege til å oppretthalde meir av tilbodet ved fagskulen. Under vert det vist kva ramme fagskulen har til dimensjonering av utdanningstilbodet i 2024/25.

Ramma for fagskulen i 2024 er som følgjer:

Statleg tilskot:	2024
Grunntilskot	100 752 000
Resultatbasert tilskot	29 261 000
Samla tildeling nye studieplassar 2020-2024	17 508 000
Sum statleg tilskot	147 521 000
Fylkeskommunalt tilskot	19 113 000
Samla tilskot	166 634 000

Basert på ramma i tabellen over er det totalt 166,6 mill. til drift av fagskulen i 2024. Når tilbudsstrukturen skal bereknast blir kostnader til leing, administrasjon og anna drift trekt i frå ramma. Vidare er det lagt til ei forventa inntekt knytt til studieavgift på 6 mill., samt kr 800 000,- til nye studieplassar skuleåret 2024/25. For å vurdere kor mange tilbud som kan starte hausten 2024, blir også kostnadene knytt til vårsemesteret trekt frå ramma.

På bakgrunn av dette er det følgjande ramme til fordeling:

Samla tilskot (statleg og VLFK)	166 634 000
Studieavgift	6 000 000
Nye studieplassar hausten 2024	800 000
Total ramme 2024	174 434 000
Administrasjon og andre driftskostnader	- 39 735 674
Disponert våren 2024	- 64 500 000
Til fordeling hausten 2024	69 198 326

Som det kjem fram av tabellen over blir det ei større ramme til fordeling hausten 2024 enn det som har vore disponert våren 2024. Disponeringa for våren er berre ei stipulering, og kan verte annleis. Samtidig skal som nemnt fagskulen spare inn 3,6 mill. og planleggje for eit større nedtrekk dei komande to åra. Rektor vil derfor tilrå at ikkje heile haustrammen vert disponert for å kunne justere tilbudet i tråd med den økonomiske situasjonen. Justeringa av tilbudsstrukturen i samband med denne saka gjev ikkje utteljing for heile budsjettåret 2024, berre for haustsemesteret, og den fulle effekten ser ein først i 2025. For skuleåret 2025/26 forventar rektor at det må gjerast ytterlegare kutt i strukturen for å imøtekome dei framtidige økonomiske rammene.

Prosessen knytt til ny arbeidstidsavtale gjer også at berekninga av tilbudsstrukturen blir gjort med noko uvisse, og såleis kan kostnadene bli noko høgare enn det vi har berekna.

I fortsettinga vert det vist forslag til tilbudsstruktur for skuleåret 2024/25. Framstillinga syner kostnad for heile skuleåret, men det vert også vist kor mykje som blir føreslått ikkje disponert haustsemesteret 2024.

Forslag til tilbudsstruktur skuleåret 2024/25

Først vert det vist ei overordna struktur for Fagskulen Vestland, og deretter vert det vist forslag til tilbudsstruktur for dei einskilde studiestadene.

Overordna tilbudsstruktur

SUMMERT	Søkartal 2023	Student-plassar	2. klasse	3. klasse	Sum studentar	Kostnad
Nordnes	685,00	480,00	349,00	208,00	1 037,00	47 274 660,00
Førde	216,00	200,00	164,00	123,00	487,00	24 511 905,00
Stord	34,00	30,00	26,00	-	56,00	3 933 000,00
Nygård	191,00	90,00	75,00	-	165,00	12 937 500,00
Austevoll	40,00	60,00	19,00	-	79,00	5 123 250,00
Måløy	36,00	30,00	37,00	-	67,00	9 366 750,00
Hjeltnes	25,00	36,00	22,00	10,00	68,00	4 706 145,00
Voss	42,00	30,00	23,00	18,00	71,00	3 813 975,00
Fagskulen Vestland	1 269,00	956	715	359	2 030	111 667 185

Overordna tilbudsstruktur syner at det vert føreslått tilbod om totalt 956 studieplassar hausten 2024. Vidare vert det vist at dersom alle studieplassane vert fylt opp, så vil det vere totalt 2030 studentar skuleåret 2024/25. Kor mange som startar utdanning hausten 2024 vil nok verte lågare enn talet på ledige studieplassar, fordi nokre tilbod vil ikkje verte fylt heilt opp i høve til kapasitet i den einskilde klasse.

Den totale kostnaden jf. tabellen over er på om lag kr 111,6 mill., eller 55,8 mill. i haustverknaden i 2024. Som nemnt er det kr 69,2 mill. til fordeling og det viser eit innsparingspotensial på kr 11,3 mill. inkludert forventa løns og prisvekst i 2024. Når denne saka vert skriven er ikkje arbeidstidsavtalen klar, og det er fleire tilhøve som vil gjere at denne innsparinga ikkje vil verte så høg. Når avtalen er på plass, og skulen har oversikt over heile ressursbruken knytt til undervisning vil bilete verte tydelegare.

Studiestad Nordnes

	Fagskulen i Vestland	Søkartal 2023	Student-plassar	Tal klassar trinn 2	Tal klassar trinn 3	Sum studentar	Kostnad	Merknad
Nordnes	Klima, energi og miljø i bygg FTB03N, 120 stp	47	40	29	27	96	3 943 350	
Nordnes	Bygg FTB01H, 120 stp	65	30	31		61	3 933 000	
Nordnes	Bygg FTB01N, 120 stp	70	80	44	50	174	7 762 500	
Nordnes	Automatisering FTE01H					0	-	
Nordnes	Automatisering FTE01N, 120 stp	72	80	38	27	145	5 680 080	To klasser
Nordnes	Elkraft FTE03H, 120 stp	71	30	30		60	3 933 000	
Nordnes	Elkraft FTE03N, 120 stp	127	80	60	50	190	7 835 985	
Nordnes	Klassisk byggningshåndverk og restaurering FTB54D, 60 stp	21		10		10	672 750	Annakvart år
Nordnes	Maskinteknikk FTT04H, 120 stp	29		14		14	1 345 500	Starter ikkje
Nordnes	Maskinteknikk FTT04N, 120 stp	56	40	25	26	91	3 952 665	
Nordnes	Prosessteknikk FTK01N, 120 stp	70	40	34	14	88	3 536 595	
Nordnes	Demensomsorg og psykisk helsearbeid/eldre FHH47K, 30 stp		30			30	672 750	10 nye studieplassar
Nordnes	Psykisk helsearbeid og rusarbeid FHH56D, 60 stp	38	30	14		44	1 656 000	
Nordnes	Rehab., hverdagsmestr./velferdsteknologi FHH83N, 60 stp			3		3	517 500	
Nordnes	Robotteknologi og digital produksjon FTT57N, 120 stp				14	14	901 485	
Nordnes	Sterilforsyning og smittevern i helsetenesta FHH96K, 60 stp	19		17		17	931 500	Annakvart år

Ved studiestad Nordnes vert det føreslått å ikkje starte Maskinteknikk og Automatisering heiltid. Desse tilboda vart lyst ut våren 2024, og det er tilstrekkeleg med søkjarar, men for å redusere utgifter vert desse to tilboda føreslått ikkje starta opp.

Vi har føreslått ei heiltidsklasse innan Maskin på Stord og deltid i Førde, og det vil derfor, saman med det samlingsbaserte tilbodet på Nordnes, vere eit godt tilbod i regionen.

Automatisering nettbasert med samlingar er føreslått auka til 80 studentar, i staden for 40 som vart lyst ut, då det er fleire søkjarar til det samlingsbaserte tilbodet. Nettbasert med samlingar gjev ei lågare årleg kostnad enn heiltidstilbodet, og ved å auke tilbodstalet vil det vere eit godt tilbod for regionen.

I 2023 vart det starta opp to klassar på Automatisering N og Prosess N, desse klassane har hatt ein del fråfall og rektor vil slå saman dei to klassane ved desse tilboda hausten 2024, noko som vil gje ei innsparing neste skuleår.

Tilbodet Demensomsorg og psykisk helsearbeid til eldre er eit nytt tilbod, og har fått tildelt nye studie plassar frå hausten 2024. Det er eit noko lågt søkjartal men det vert vurdert som tilstrekkeleg for å starte opp, og det vil bli arbeida med å supplere i opptaket fram mot hausten. Erfaring syner også at nye tilbod ofte har noko lågare søkjartal fyrste gong det vert lyst ut.

Studiestad Førde

	Fagskolen i Vestland	Søkartal 2023	Student-plassar	Tal klassar trinn 2	Tal klassar trinn 3	Sum studentar	Kostnad	Merknad
Førde	Anlegg FTB02H, 120 stp					0	-	
Førde	Anlegg FTB02N, 120 stp	28	30	23	18	71	3 813 975	
Førde	Automatisering FTE01N, 120 stp	8		9	21	30	1 941 660	Starter ikke
Førde	Bygg FTB01N, 120 stp	15		17	14	31	2 149 695	Starter ikke
Førde	BIM-tekniker FTI53N, 60 stp	37	40	22		62	1 914 750	
Førde	Bygningssakkyndig FTB58N, 120 stp	38	40	20	22	82	3 813 975	
Førde	Elkraft FTE13N, 120 stp	49	30	28	29	87	3 952 665	
Førde	Håndverksysting FPS15K, 60 stp			13		13	672 750	Annakvart år
Førde	Klima, energi og miljø FTB03N, 120 stp	12		10	8	18	1 594 935	Starter ikke
Førde	Maskinteknikk FTT04N, 120 stp	18	30	19	11	60	3 467 250	
Førde	Mjølkeproduksjon m/robot FPS10N, 60 stp	11		3		3	517 500	Annakvart år
Førde	Grøn omstilling i byggenæringa (under akkreditering), 60 stp		30			30	672 750	10 nye studie plasser

Ved studiestad Førde vil rektor tilrå at tilboda Automatisering, Bygg og Klima, energi og miljø vert trekt og ikkje starta opp hausten 2024. Tilboda Automatisering og Bygg har tilstrekkeleg med søkjarar til ei mindre gruppe, men me ser ofte at det ikkje møter like mange ved skulestart som det er søkjarar. I tillegg er desse to tilboda tilgjengeleg både som heiltid og deltid ved studiestad Nordnes, og det er såleis eit godt tilbod i regionen. Rektor vil vurdere om desse tilboda vert føreslått oppretta på ny hausten 2025.

Tilbodet Klima, energi og miljø har for låge søkjartal til at det vert vurdert som forsvarleg å starte opp. Tilbodet vil vere tilgjengeleg ved studiestad Nordnes på deltid.

Tilbodet Grøn omstilling i byggenæring har fått nye studie plassar, det er tilstrekkeleg med søkjarar, men tilbodet vert ikkje fylt opp. Fordi dette er eit nytt tilbod med nye studie plassar, er det ønskeleg å starte opp, og vi kan også supplere på opptaket her.

Ei anna endring som er gjort i dette forslaget er å redusere talet på studie plassar frå 40 til 30 ved dei samlingsbaserte tilboda i Førde. Grunnen til dette er at det ikkje er infrastruktur til å kunne ha 40 studentar i ei klasse. Tilboda som er reine nettstudiar vert føreslått oppretthaldt med 40 studie plassar.

Studiestad Stord

	Fagskolen i Vestland	Søkartal 2023	Student-plassar	Tal klassar trinn 2	Tal klassar trinn 3	Sum studentar	Kostnad	Merknad
Stord	Maskinteknikk FTT04H, 120 stp		30			30	1 966 500	
Stord	Elkraft FTE03H, 120 stp					0	-	
Stord	Robotteknologi og digital produksjon FTT57N, 120 stp	34		26		26	1 966 500	

Ved studiestad Stord vart det lyst ut tilbodet Maskinteknikk, og det er tilstrekkeleg med søkjarar til å starte opp. Studentmassen på Stord visar seg også å vere stabile over tid.

Studiestad Nygård

	Fagskolen i Vestland	Søkartal 2023	Student-plassar	Tal klassar trinn 2	Tal klassar trinn 3	Sum studentar	Kostnad	Merknad
Nygård	Maskinoffiser FTM02H, 120 stp	52	30	26		56	4 554 000	
Nygård	Dekksoffiser FTM01H, 120 stp	94	30	27		57	4 554 000	
Nygård	Boring FTP01H, 120 stp	45	30	22		52	3 829 500	

Det er ikkje føreslått endringar ved Studiestad Nygård i høve til kva som vart lyst ut våren 2024. Det er godt med søkjarar.

Studiestad Austevoll

	Fagskolen i Vestland	Søkartal 2023	Student-plassar	Tal klassar trinn 2	Tal klassar trinn 3	Sum studentar	Kostnad	Merknad
Austevoll	Dekksoffiser FTM01H, 120 stp	22	30	19		49	4 450 500	
Austevoll	Vannkjemi, mikrobiologi og fiskehelse FPH05N, 30 st	18	30			30	672 750	

Ved studiestad Austevoll er det gode søkjartal til Dekksoffiser, men tilbudet Vannkjemi, mikrobiologi og fiskehelse har i år lågare søkartal enn tidlegare år. Rektor vil likevel tilrå at dette tilbudet vert oppretthaldt fordi dette er det einaste tilbudet i regionen og kostnaden ved å drive tilbudet er låg. Tilbudet går berre over eitt år, og vi forpliktar oss såleis ikkje over fleire år.

Studiestad Måløy

	Fagskolen i Vestland	Søkartal 2023	Student-plassar	Tal klassar trinn 2	Tal klassar trinn 3	Sum studentar	Kostnad	Merknad
Måløy	Dekksoffiser FTM01H, 120 stp	10	15	13		28	4 347 000	
Måløy	Maskinoffiser FTM02H, 120 stp	13	15	11		26	4 347 000	
Måløy	Leiing i havbruksoperasjonar FPH06K, 60 stp	13		13		13	672 750	

Ved studiestad Måløy vert det ikkje føreslått endringar i høve til kva som har blitt lyst ut. Det er ei auke i søkartal dette året. På grunn av infrastruktur kan det ikkje takast inn meir enn 15 studentar i kvar klasse.

Studiestad Hjeltnes

	Fagskolen i Vestland	Søkartal 2023	Student-plassar	Tal klassar trinn 2	Tal klassar trinn 3	Sum studentar	Kostnad	Merknad
Hjeltnes	Arborist FPS01D, 60 stp		16			16	931 500	
Hjeltnes	Lokal matkultur FTK51N, 120 stp	8	20	5	10	35	2 843 145	
Hjeltnes	Pommelier FTK59K, 30 stp	17		17		17	931 500	

Ved studiestad Hjeltnes er det svært gode søkjartal til utdanninga Arborist, men det er berre mogleg å ta inn 16 studentar fordi dette er ei utdanning med mykje praksisarbeid og krav til tryggleik. Tilbudet vert lyst ut anna kvart år. Rektor vil tilrå at starte dette tilbudet hausten 2024.

Ved utdanninga Lokal matkultur er det fleire søkjarar i år enn i fjor, og det vert vurdert som tilstrekkeleg med søkjarar til å starte opp. Dette tilbudet er også unikt i regionen.

Studiestad Voss

	Fagskolen i Vestland	Søkartal 2023	Student-plassar	Tal klassar trinn 2	Tal klassar trinn 3	Sum studentar	Kostnad	Merknad
Voss	Anlegg FTB02N, 120 stp	42	30	23	18	71	3 813 975	

Tilbudet Anlegg ved studiestad Voss har gode søkjartal og rektor vil tilrå å starte dette tilbudet hausten 2024 i tråd med kva som har vore lyst ut gjennom Samordna optak.

Vedtakskompetanse

Jf. Lov om høyere yrkesfaglig utdanning § 9 andre ledd er det styret for fagskulen som har kompetanse til å vedta tilbudsstruktur:

«Styret selv skal fatte vedtak om at det etter styrets skjønn er forsvarlig å ta opp nye studenter. Vedtaket skal fattes før studiestart.»

Konklusjon

Basert på saksframlegget vil rektor tilrå at følgjande tilbod vert starta opp hausten 2024:

	Fagskulen i Vestland	Studentplassar
Nordnes	Klima, energi og miljø i bygg FTB03N, 120 stp	40
Nordnes	Bygg FTB01H, 120 stp	30
Nordnes	Bygg FTB01N, 120 stp	80
Nordnes	Automatisering FTE01N, 120 stp	80
Nordnes	Elkraft FTE03H, 120 stp	30
Nordnes	Elkraft FTE03N, 120 stp	80
Nordnes	Maskinteknikk FTT04N, 120 stp	40
Nordnes	Prosessteknikk FTK01N, 120 stp	40
Nordnes	Demensomsorg og psykisk helsearbeid/eldre FHH47K, 30 stp	30
Nordnes	Psykisk helsearbeid og rusarbeid FHH56D, 60 stp	30
Førde	Anlegg FTB02N, 120 stp	30
Førde	BIM-tekniker FTI53N, 60 stp	40
Førde	Bygningssakkyndig FTB58N, 120 stp	40
Førde	Elkraft FTE13N, 120 stp	30
Førde	Maskinteknikk FTT04N, 120 stp	30
Førde	Grøn omstilling i byggenæringa (under akkreditering), 60 stp	30
Stord	Maskinteknikk FTT04H, 120 stp	30
Nygård	Maskinoffiser FTM02H, 120 stp	30
Nygård	Dekksoffiser FTM01H, 120 stp	30
Nygård	Boring FTP01H, 120 stp	30
Austevoll	Dekksoffiser FTM01H, 120 stp	30
Austevoll	Vannkjemi, mikrobiologi og fiskehelse FPH05N, 30 stp	30
Måløy	Dekksoffiser FTM01H, 120 stp	15
Måløy	Maskinoffiser FTM02H, 120 stp	15
Hjeltnes	Arborist FPS01D, 60 stp	16
Hjeltnes	Lokal matkultur FTK51N, 120 stp	20
Voss	Anlegg FTB02N, 120 stp	30
	Totalt	956